



Den nye stranda har vore ein stor suksess så langt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bygdeutviklingsprosjektet er godt igong, under Uskedal Utvikling. Og den nye badestranda er eit av prosjekta som alt er gjennomført og som har fått mange lovord.

Bygdeutviklingsprosjektet er godt i gang i Uskedalen, under Uskedal Utvikling. Tre grupper er i arbeid no og Kristian Bringedal er leiar for prosjektet. Denne heimesida er ei av oppgåvene, ei anna er den nye badestranda som vi har fått denne sommaren.

Ei gruppe med Gunn Mari Moberg som leiar har næringsutvikling som oppgåve medan Kjell Yri leier ei gruppe som har friluftsliv og turveggar som sitt arbeidsfelt. Den sistnevnte gruppa har mellom anna hatt ansvaret for badestranda, som ligg ved skulen og har fått mange lovord.

Gruppa for kultur, turisme og informasjon har Ola Matti Mathisen som leiar. Den har mellom anna teke seg av heimesida, gjeve ut ei brosjyre, laga arrangementsoversikt og utarbeidd ein skiltplan. Rasteplassar er og ei viktig oppgåve og her er plassen ved grana prioritert.

Målsettinga er å få til ein samordna og kraftfull presentasjon av ei bygd som har det meste med omsyn til natur, kultur og næringsverksemd.

Bygdeutviklingsprosjektet har ei budsjett på 120.000 for dette første driftsåret og finansieringa skjer stort sett gjennom offentlege midlar.



Herleg å duppe seg i Stølavikjo på heite julidagar. (Foto: Ola Matti Mathisen)